



NVE-Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
14/326-5/K2-S11/JAR

Direkte innval:
56527055

Stad/Dato:
12.09.2014

**SÆRUTSKRIFT: Fråsegn vedk. konsesjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet i
Ulvik herad i Hordaland til Sima kraftverk**

Visar til høyring vedkommande «søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk – Ulvik herad og Eidfjord kommune – Hordaland» (dykkar referanse 201402607-2). Saken vart handsama av Heradsstyret her onsdag 10. september 2014. Vedlagt fylgjar sakspapir med Ulvik herad sitt fråsegn til søknaden.

Med helsing

Lars Præstiin
skogbruksjef

Kopi til:

Statkraft Energi AS Postboks 200 0261
 Lilleaker

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Fråsegn til søknad om konsesjon for overføring av Våtekleivbekkane på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk i Eidfjord

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	10.09.2014	039/14
Sakshandsamar Lars Præstiin	Arkiv: K2-S11	Arkivsaknr 14/326 - 4

Vedlegg:

Høyring - søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk- Ulvik herad og Eidfjord kommune- Hordaland


Sakstilfang:

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	Statkraft	Søknad om konsesjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet i Ulvik herad til Sima Kraftverk
2	I	NVE	Høyring - søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk- Ulvik herad og Eidfjord kommune- Hordaland
3	I	NVE	Kopi: Overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk- uttale

Saksutgreiing:

NVE ber om høyringsfråsegn til ein søknad dei har mottatt frå Statkraft Energi AS vedkommande konsesjon til overføring av Våtekleivbekkane til Floskefonnvatnet og utnytting i Lang-Sima kraftverk.

Dei to bekkane (Våtekleivbekkane) på Osafjellet drener naturleg til Norddøla i Osavassdraget. Bekkane passerer eksisterande overføringstunnel mellom Skrulsvatn og Floskefonnvatn. Planane går ut på å bora to sjakter ned i overføringstunnelen og leia vatnet ved hjelp av inntakstersklar på ca. kote 1155 ned i overføringstunnelen. Oppstrøms inntaka har bekkane eit samla nedbørsfelt på om lag 1 km². Frå Floskefonnvatnet renn vatnet til Austdølnutvatnet og vidare til Langvatnet som er inntaksmagasin for Lang-Sima kraftverk.



Figur 3.1 Utbyggingskart for overføring av bekkene på Osafjellet

Med ein midels fallhøgde i Lang-Sima kraftverk på 1034 m vil overføringa gi ein produksjonsgevinst på om lag 6 GWh/år, med ein samla utbyggingspris på ca. 1 kr/kWh. Statkraft Energi AS vurderer at dette er eit prosjekt med store samfunnsmessige fordeler og små ulemper.

Konsesjon etter vassdragsreguleringsloven inneberer at Statkraft Energi kan ekspropriere areal og rettigheter til overføring av vatn frå bekkane, dersom dei ikkje kjem til minneleg avtale med alle berørte rettighetshavarar.

NVE ber høyringspartane sende inn fråsegn snarast mogleg og seinast 15.10.2014.

Vert det gjeve konsesjon anslår Statkraft byggetida til 3-4 månader med ferdigstilling av anlegget innan utgangen av 2018. Arbeidet vil skje veglaust ved bruk av helikopter.

Vurdering:

Konsesjonssøknaden gjeld utviding av kapasiteten på eksisterande anlegg i Lang-Sima, og dei miljømessige konsekvensane av utbygginga vert rekna som ganske små. Vassføringa i Norddøla anslåas redusert med i underkant av 4 %. Med ein samla utbyggingspris på om lag 1 kr/kWh har prosjektet god lønsemrd.

Tilhøve til gjeldande planer: Det omsøkte tiltaket ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan, og innafor Hardangervidda villreinområde samt planområdet til Regional plan for Hardangervidda (sone B – Nasjonalt villreinområde).

Økonomi: Søkjær presiserer at kraftproduksjon gir omfattande verdiskaping. Med dagens kraftpris, vil utbygginga skape verdiar for 3,6 millionar kroner i året. Skatt og avgifter og krav stilt gjennom konsesjonsvilkår gjev inntekter til det offentlege både lokalt og nasjonalt.

For Ulvik herad er dette likevel hovudankepunktet – utbygginga påfører grunneigarar og lokalsamfunn i Osa redusert vassføring i Norddøla, medan vassressursane vert overført til Sima kraftverk i Eidfjord kommune. Gjeldande lovverk fastsett gjennom politiske vedtak gjev størsteparten av inntektene ved ei slik utbygging til den kommunen der kraftverket ligg. Overføring av vassressursar frå Ulvik til Eidfjord kommune gjev difor Ulvik lite utbytte. Eidfjord (som har kraftverket innanfor sine kommunegrenser) får ”gevinsten” denne utbygginga vil gje gjennom offentlege skattar og avgifter.

Den omsøkte konsesjonen inneber at samtlege av ulempene, inngrepa og miljømessige konsekvensar må berast av Ulvik og Osa-samfunnet, medan inntektene tilfell konsesjonssøkar Statkraft Energi AS og Eidfjord kommune. Det er påfallande at denne urimelegheita ikkje er gjort betre greie for av konsesjonssøkar i søknaden til NVE. Om søknaden vert stetta av NVE slik den no ligg føre vil NVE gje legitimitet og støtte til ei særslig ordning – noko Ulvik herad på det sterkest vil åtvare NVE mot å gjere. Konsesjonssøkjær og departement bør og ta med seg at gjeldande lovverk, slik dette er utforma i dag, ikkje alltid gjev insitament for fornuftige og lønsame utbyggingar. Dette vil først skje når det vert lagd til rette for ei meir rettferdig fordelinga av inntekter mellom kommunar med vassmagasin og kommunar med kraftverk innanfor sine grenser.

Miljø: Ein reduksjon i vassføring på i underkant av 4 % i Norddøla kan synast ubetydeleg. Men dette må sjåast i samanheng med alle tidligare reduksjonar av vassføringa i den nedre delen av Osavassdraget. «Mange bekker små gjør», som kjent, «en stor å». Nedbørsfeltet til Norddøla er frå før redusert med 44%, og vassføringa er redusert til om lag det halve av det den var før kraftutbygginga tok til. Dessutan er Austdøla nærmast turlagt samanlikna med tidligare. Den samla belastninga på Osavassdraget, jamfør Naturmangfaldlovas § 10, er difor svært betydeleg.

Dessutan er status for laks og sjøaure i den nedre delen av Osavassdraget framleis langt i frå tilfredsstillande. Dette til tross for god vasskvalitet og velmeinte tiltak frå Statkraft si side. Når me då i tillegg veit kor kritisk situasjonen pt er for laks og sjøaure i heile Hardangerfjord-systemet, bør i alt fall ikkje Ulvik herad tilrå ytterligare reduksjon i vassføringa til Norddøla, før ein har oppnådd «god og stabil status» for fisken i vassdraget.

Rådmannen sitt framlegg :

1. Ulvik herad kan ikkje tilrå Statkraft Energi AS sin konsesjonssøknad av 25.04.2014 om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk i Eidfjord.
2. Ulvik herad vil oppmoda Statkraft Energi AS til å arbeida for ei meir rettvis fordeling av kraftinntektene, og for «god og stabil status» for laks og sjøaure i Osavassdraget.

10.09.2014 Heradsstyret

Framlegg frå Høgre – nytt pkt.3:

Ulvik herad oppmodar Statkraft energi til å arbeida for ei berekraftig utnytting av naturressursane i det allereie utbygde området på Osafjellet. Dette må skje i nært samarbeid med rettshavarar og grunneigarar. Friluftsliv, jakt og fiske må ikkje møta hindringar som ikkje er strengt nødvendige for drifta av anlegget. Eksempel på noko som må betrast er vasstand i regulerte vatn og elvar når desse vert nytta av friluftsinteressene om sommar og haust. Helikoptertrafikk må ta omsyn til at området er viktig for utøving av friluftsliv og jakt, og at flyginga må leggjast til tider der menneske og dyr vert minst mogeleg uroa.

Framlegg frå Venstre:

Redaksjonell endring i pkt 2. Ulvik herad vil oppmoda Statkraft Energi AS til å arbeida for ei meir rettvis fordeling av kraftinntektene. Ulvik herad vil ikkje tilrå ytterlegare reduksjon i vassføringa i Nordøla før ein har oppnådd god og stabil status for fisken i vassdraget.

Røysting:

Nytt pkt. 3 frå Høgre vart samrøystes vedteke

Pkt. 1 og 2. med redaksjonell endring vart samrøystes vedteke

HST-039/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Ulvik herad kan ikkje tilrå Statkraft Energi AS sin konsesjonssøknad av 25.04.2014 om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk i Eidfjord.
2. Ulvik herad vil oppmoda Statkraft Energi AS til å arbeida for ei meir rettvis fordeling av kraftinntektene. Ulvik herad vil ikkje tilrå ytterlegare reduksjon i vassføringa i Nordøla før ein har oppnådd god og stabil status for fisken i vassdraget.
3. Ulvik herad oppmodar Statkraft energi til å arbeida for ei berekraftig utnytting av naturressursane i det allereie utbygde området på Osafjellet. Dette må skje i nært samarbeid med rettshavarar og grunneigarar. Friluftsliv, jakt og fiske må ikkje møta hindringar som ikkje er strengt nødvendige for drifta av anlegget. Eksempel på noko som må betrast er vasstand i regulerte vatn og elvar når desse vert nytta av friluftsinteressene om sommar og haust. Helikoptertrafikk må ta omsyn til at området er viktig for utøving av friluftsliv og jakt, og at flyginga må leggjast til tider der menneske og dyr vert minst mogeleg uroa.

